

REFERAT		Dato:	10.09.2025
Til stade:	Torill Voll Haaland, Inger Bergsåker Gilje, Svein Kåre Vølstad, Karoline Gilje og Mari-Anne Haugsbakk		
Sak	Innhald		
Informasjon om FAU	Mandat: FAU er foreldra sitt talerøy i samarbeid med skulen og skal bidra til eit trygt og godt læringsmiljø for alle. Målet med FAU er å gi foreldra reell medverknad i skulen si verksemd og utvikling, og at foreldra sine synspunkt blir tatt med i vurderingar. FAU skal sikre at foreldra si stemme også er representert. Rektor skal leggje til rette for godt samarbeid og dialog mellom skulen og FAU. FAU-representantane har på si side ansvar for å følgje opp, vedlikehalde og vidareutvikle samarbeidet. FAU samarbeidar med: • leiinga og dei tilsette ved skulen • elevråd • foreldrekontaktane • resten av foreldra ved skulen • kommunalt FAU (KFAU) Typiske oppgåver for FAU å medverke i: • skulen sitt utviklingsarbeid • utvikling av eit trygt læringsmiljø • planlegging og oppfølging for å fjerne mobbing • sosiale tiltak for elevene • arbeid med det fysiske skulemiljøet • arbeid med trafikkforhold i nærmiljøet		
Konstituering av FAU	Torill Voll Haaland, Leiar og KFAU-representant Olav Erik Dahl, nestleiar og KFAU-representant Inger Bergsåker Skregelid Karoline Gilje Svein Kåre Vølstad		
Økonomi	FAU har 11030 kroner på konto		
Årshjul	Blir lagt ut på heimesida til skulen under FAU. Årshjulet er ein tenkt plan. Her kan det kome endringar på dato og innhald. Vårdugnad blir lagt inn når dato er klar.		
Dugnad	I fjor arrangerte FAU to dugnadar, ein om hausten og ein om våren. I år ønskjer dei å arrangere ein på våren dersom det er behov.		
Skule-arrangement	I år ønskjer skulen og FAU ei felles juleavslutning i staden for Open ettermiddag. Framover kan det vere aktuelt å veksle mellom desse arrangementa.		

SFO-tilbod	På FAU-møte i vår blei det tatt opp at det er eit ønskje frå fleire foreldre om eit SFO-tilbod på Dirdal skule i juni og august, eller at det blir sendt ut kjente (faste) tilsette frå Dirdal til Oltedal dersom tilbodet skal vere der. Rektor skulle undersøkje kva som er mogleg. Det er i kommunale vedtekter bestemt at Dirdal og Oltedal skal samarbeide om sommartilbodet og at det skal vere i Oltedal. Dirdal skule bruker primært fast ferievikar i desse vekene. Det er same person som også blir brukt saman med fast tilsett når Dirdal gir tilbod i andre feriar (t.d. haust- og vinterferie).
Arbeidslivsfag	Arbeidslivsfag er eit fag mange skular tilbyr elevar som eit alternativ til språkfag på ungdomsskulen. Det har eigen læreplan med kompetansemål. Det fins fleire måtar å ha dette faget på og skulen ønskjer at vi skal kunne tilby dette faget til våre elevar på sikt. No er det også ute på høyring om det skal bli obligatorisk for alle skular å tilby. Skulen vil jobbe vidare med saka saman med FAU for å finne gode løysingar.

Årshjul for FAU/SU Dirdal skule 2024/25				
Mnd	Dato	Møte	Innhald	Ansvar for innkalling
aug	27.08.	Felles foreldremøte	Foreldremøte 1.-10.	Rektor
sept	10.09.	FAU	Kva er FAU ? Konstituere FAU årshjul	Rektor
	08.-18.	Klasseforeldremøter		Kontaktlærar
	24.09.	KFAU		Skolesjef
okt	29.10.	FAU	Skuleruta Økonomi Fokusområde	Rektor
nov	26.11.	KFAU		Skolesjef
jan	28.01.	KFAU		Skolesjef
feb	11.02.	SU/FAU	Elevundersøkinga Økonomi	Rektor
mars	25.03.	KFAU		Skolesjef
mai	06.05.	FAU	Evaluering Nytt FAU Vidareføring av saker	Rektor
	27.05.	KFAU		Skolesjef